



PRIS:
150 kr

SKULEGGUIDEN!

2017-2018

REDAKSJONEN

HEI!

Gjennom sju krevjande veker har vi i 2MK1 ved Volda vidaregåande skule jobba med skuleguiden. Det har vore utfordrande, lærerikt og i det store og heile utruleg kjekt.

Oppdraget vårt har vore å lage årets skuleguide, men målet har vore å lage TIDENES skuleguide!


Den tradisjonsrike skulekatalogen skal mellom anna fungere som eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen. Difor har vi gjeninnført konseptet med fargekoding: MK sine sider er raude, MU sine sider er blå, ST sine sider er rosa og SA sine sider er gule. Dette systemet vil gjere det enkelt å finne fram i guiden.

Men skuleguiden skal også fungere som ei gøy minnebok for framtida. Difor har vi i år valt temaet "comic book".



Teikneseriar, avisstriper og animasjonsfilmar om kvardagsheltar eller superheltar er nemleg noko tidlaust som vi trur alle har eitt eller anna forhold til. I den samanheng har vi spurt dykk om kven som er DIN (super)helt. Svara dykkar laga vi statistikk av, og bak i guiden kan de sjå ei visuell framstilling av resultatet.

Bak i guiden finn du også oversikt over viktige hendingar i 2017, nyttige tips og visdomsord frå avgongselevane, klassiske sitat frå lærarane og DYKKAR bilete frå Snapchat og Instagram. Alt i ein "comic book"-stil, sjølv sagt.



TRULS (øverst) har vore leiar for fototeamet. Dei har fotografert til saman 21 klasser, 96 tilsette og 502 elevar - i tillegg til å organisere sal og bestilling av utskriftsbilete. Alle desse bileta har så blitt behandla, skalert og organisert til ulike føremål.

CARINA (i midten) har vore leiar for innhald- og PR-teamet. Oppgåvene har vore å hente inn og forfatte informasjonstekstene, i tillegg til å promotere og synleggjere prosjektet for resten av skulen, både gjennom sosiale medium, plakatar og infoskjermene.

BRIAN (nedst) har vore leiar for design- og produksjonsteamet, dvs. dei som har hatt hovudansvaret for den grafiske utforminga og sjølve prosessen med å setje saman tekst og bilete.

Vi håper at de vert nøgde med årets utgåve av skuleguiden, og at den kjem til nytte.

Frå alle oss, til alle dykk:
ENJOY!



REKTOR

MOT HØGARE ...

HEI!

For ein godt vaksen rektor var det kjekt å sjå årets design for skuleguiden.

Før Netflix og HBO med fleire tok over underhaldningsbransjen, så var teikneseriane på mange vis berebjelken i den litt røyndomsfjerne undarhaldninga (les: fantasy).

Det var stor stas dei dagane det kom nye blad, og vekepengane hadde bein å gå på når Fantomet-, Sølpilen- og Supermannblada stod oppstilte i hyllene. Sjølv hadde eg særleg stor sans for Fantomet, som alltid sloss mot urett. Må vel innrømme at Sala også bidrog til at eg var glad i det bladet. Eg har alltid vore relativt jordnær, eg har ikkje vore den store dagdraumaren. Dei mest ekstreme superheltane med alle slags overnaturlige evner fengde difor mindre.

Slik er det også i mi vurdering av kven og kva som framstår som «super» i kvardagen. Eg vert like imponert over kvardagshelten lokalt, som «superhelten» globalt.

Ein les dagleg om vanlege menneske som har betydd særskilt mykje for andre, det vere seg venner, slekt, ein lærar, ein sjukepleiar eller liknande. Vi kan alle vere ein slik «superhelt» for andre som treng det, og det heilt utan ekstraordinære krefter eller evner.

Ver ein slik helt du også! Du treng oftast berre å stille opp!





Visjonen til skulen er "mot høgare mål". Årets skuleguide får fram denne budskapen på fint og kreativt vis!

Honnør til 2MK for gjennomført arbeid av eit produkt på høgt nivå! Godt jobba!

TROND SINE SUPERKREFTER:

Som tidlegare bankmann har Trond ein høgt utvikla økonomisk sans. Denne erfaringa har kome godt med i arbeidet med "human kapital" i skuleverket.



ELEVRÅDET

Eg har aldri egentleg hatt ein helt. Ein einskild person som eg ser opp til meir enn nokon andre, liksom. Ein som er fullkomen nok til å kvalifisere til heltestatus. Eg har mange eg ser opp til. Kjendisar, politikarar, folk rundt meg. Men ingen heltar. Eg ser opp til foreldra mine, som støttar og oppmuntrar meg. Lærarane mine som dag inn og dag ut gir meg den utdanninga eg har krav på, og litt til. Legar, politikarar, trenarar, helsesystre, brannmenn (og -kvinner!). Alle dei som kvar dag arbeider for at vi andre skal ha det best mogleg. Dei som strekkjer seg eit hakk lenger for å inkludere dei som ikkje blir inkluderte, som tek vare på andre sjølv om dei ikkje får noko att.

Og sjølvsagt: Alle unge som engasjerer seg i elevråd, og i ulike organisasjonar der dei kjempar for det dei bryr seg om. Gjennom mine verv i elevråd har eg møtt utruleg mange engasjerte, dyktige elevar, som frivillig brukar av fritida si for å verne om elevane sine interesser, og som talar vår sak på måtar vi ikkje ein gong er klar over. Og dei gjer det med glede, fordi dei bryr seg. Dette er dei eg ser opp til. Mine kvardagsheltar, om du vil.

- Ingeborg Sævik Heltne, elevrådsleiar



Elevrådsleiar **INGEBORG** framhevar sine medelevar i elevrådet, og unge generelt som organiserer seg i organisasjonar der dei kjempar for det dei bryr seg om. Desse er hennar kvardagsheltar.

ELEVRÅDET SINE SUPERKREFTER:

Dei får ting gjort! Det er ikkje ein sjølvsgatt eigenskap i eit samfunn med mykje tomprat og prokrastinering.

Døme på tiltak elevrådet har fått gjennom er: 1) fått "aktivitetsdag" på dagsorden; 2) kunne velje mellom haustdag (fjelldag) eller vinterdag (skidag); 3) pusha gjennom meir eller mindre permanent deltaking i Operasjon Dagsverk; 4) fått brusa tilbake i kantina; 5) innkjøp av bordtennisbord, for bonuspengane etter minimalt med øydeleggingar/hærverk.



ELEVRÅDSSTYRE 2017-18:

Leiar:

Ingeborg Sævik Heltne

Nestleiar:

Åse Sætrevik

Sekretær:

Stian Welsvik Haugen

Styremedlemmar:

Stinus Reklev Øverbø
Noa Skaare Gjerset
Veronica Wilhelmsen
Amanda Odden Slettevoll
Randi Maud Mork
Amalie Munthe Vassbotn

Om du er interessert i skulepolitikk og elevane sine rettar, trivsel og moglegheiter, så bør du vurdere å melde deg som tillitsvald i klassa neste skuleår. Og kanskje også veljast inn i styret?

På elev.no kan du lese meir om Elevorganisasjonen sitt arbeid. Du kan også følgje dei på Facebook, Twitter og Instagram.

LEIINGA

I tillegg til rektoren på skulen har vi fem personar som sit i leiinga og har ulike ansvarsområde på skulen.

JAN TERJE er assisterande rektor og avdelingsleiar for Musikk, dans og drama (MU) og Medium og kommunikasjon (MK). Jan Terje er elevrådskontakt, kontaktperson for praksisstudentar og koordinator for fagkoordinatorane. Han ordnar også timeplanene og heilårsplanane for skulen, og har ansvaret for å organisere kulturarrangement på skulen.


KRISTIN er avdelingsleiar for Service og samferdsel (SA), tilrettelagt klasse (TK) og kroppsøvingseksjonen. Ho har også ansvaret for assistentane og støttelærarane på skulen.

OLAV er IT-ansvarleg og avdelingsleiar for driftspersonalet (vaktmeistrar, reinhaldarar, kantine og kontortilsette). Han er ein superhelt innan IT, så om du treng hjelp med datagreier er det berre å ta ein tur opp til han så fiksar han det meste.



JØRLUND er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han er miljøfyrtårnkoordinator, kulturkontakt (med ansvar for arrangementa frå den kulturelle skulesekken), ansvarleg for Operasjon Dagsverk og heildagsprøver, og han er kontaktperson overfor russen og andre elevorganisasjonar.

LISBET er avdelingsleiar for språk og realfagseksjonen, og har ansvaret for eksamensgjennomføring, vitnemål og inntak, og sørger for at alle får det valfaget dei vil ha.



Øvst frå venstre: Jan Terje Eidset, Kristin Bakke Sæterås og Olav Trandal. Nedst frå venstre: Jørund Fet og Lisbet Ose.

**LEINGA SINE
SUPERKREFTER:**

Med nesten 100 tilsette under seg er leiinga meistarar i logistikk og koordinasjon.

KONTORET

TLF. =
71 28 23 00



Frå venstre:

Konsulent Eli Magnussen Hellebust, sekretær Anne-Grete Lid og sekretær Gerd Sofie Langvatn.

HJELP!

Har du spørsmål om vitnemål eller busskort? Eller kanskje du har spørsmål om stipend eller timeplanar? Treng du dokumentasjon for å få studentrabatt?

Då kan du kontakte Eli, Anne-Grete eller Gerd Sofie. Dei er tilgjengelege kvar skuledag frå kl 08:10 til 15:10.

Resepsjonen er på øvre bygg, ned trappa ved sidan av kantina og til høgre for biblioteket.

Kontoret er skulen sitt fremste serviceorgan, i høve til både elevar, lærarar og omverda. På kontoret ligg timeplanar for alle lærarar og elevar. Her kan du dessutan få kjøpt tidlegare skuleguidar og musikal-dvdar.

I tillegg til dei reine servicefunksjonane, arbeider sekretæranne også med rekneskap, løn, ajourføring av administrasjonssystem, eksamen, vitnemål med meir.

På volda.vgs.no finn du lenkjer til aktuell informasjon om:

- Info om Kunnskapsløftet (Reform 2006)
- Brosjyre om Kunnskapsløftet
- Læreplanar for Kunnskapsløftet
 - Læreplanar på engelsk
 - Opplæringslova
 - Forskrift til opplæringslova
- SkoleArena - registrere seg som foresatt
- Utdanningsdirektoratet
- Kunnskapsdepartementet
- Elevportal for alle elevar i Møre og Romsdal fylke
- Vilbli.no
- VIGO - for å søkje vidaregåande opplæring
- Nasjonal digital læringsarena - NDLA
- Vurdering for læring
 - Store norske leksikon
 - Utdanningsmagasinet
 - Ny GIV - om betre gjennomføring i vidaregåande opplæring



RIIING!

KONTORPERSONALET SINE SUPERKREFTER:

Med oversikt over alle sine timeplanar så kan kontoret finne tak i kven som helst for deg.

Kontoret har dessutan ope delar av sumaren og i andre feriar, så om du lurar på noko og ikkje får tak i læraren din så kan du ringe skulen på tlf. 71 28 23 00 eller sende e-post til volda.vgs@mrfylke.no.

RÅDGJEVAR OG HELSESYSTER



KRISTIAN INGEBRIGTSEN (øvtst) og **RANDI KALLAND** (nedst) er rådgjevarane på skulen vår. Treng du gode råd om utdannings- og yrkesval, så står rådgjevarane våre til disposisjon - dei er her for å hjelpe deg!

Dei kan også hjelpe deg med andre problem. Det kan vere alt frå faglege vanskar til sosiale og personlege utfordringar.

Rådgjevarane held til i 1. etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet. Trefftidene finn du i timeplanen på neste side, og er dessutan å finne på kontordørene og på nettsidene til skulen.

RÅDGJEVARANE SINE SUPERKREFTER:

Dei evnar rett og slett å redde elevar som slit med å kome gjennom skuleløpet, mellom anna ved å få på plass naudsynt ekstraundervisning og ordne med alle slags søknadar og tilrettelegging. Gull verdtt!

Helsesyster **LISBETH HOGGEN TOTLAND** har kontortid på skulen måndagar og onsdagar.

Du kan vitje henne om du har problem knytta til seksualitet, rusmiddel - eller berre treng ein å snakke med. Lisbeth har kontor ved sidan av rådgjevarane.

LISBETH SINE SUPERKREFTER:
Ho er ein framifrå lyttar.



Time	Klokkeslett	MÅN	TYS	ONS	TOR
1	08.15 - 09.00	Lisbeth, Randi		Lisbeth, Kristian	
2	09.00 - 09.40	Lisbeth, Randi		Lisbeth, Kristian	
3	09.50 - 10.35	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian, Randi	Kristian, Randi
4	10.35 - 11.15	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian, Randi	Kristian, Randi
5	11.45 - 12.30	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian	Kristian, Randi
6	12.35 - 13.20	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian	Kristian, Randi
7	13.25 - 14.10	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian, Randi	
8	14.15 - 15.00	Lisbeth, Randi	Kristian	Lisbeth, Kristian, Randi	
9	15.00 - 15.30	Lisbeth		Lisbeth	

KANTINA

Er du sur og svolten? Frykt ikkje! **ELSE-MARIE** (til venstre) og **FRØYDIS** (til høgre) kjem til unnsetning med sine nydelege godsaker!

I kantina kan du kjøpe alt frå godteri til frukt, vatn og brus. Her kan du også kjøpe varmmat som varierer frå dag til dag. Du finn også mange ulike typar brødmatt, også glutenfri. **Følg med på Fronter for å få oppdatert vekemeny kvar veke.**

Kantina er open kvar dag frå 08:10 - 13:30. Har du gløymt lommeboka heime? Ingen problem, du kan betale med Vipps!

KANTINEDAMENE SINE SUPERKREFTER:

Dei kan hjelpe deg med å halde humør og konsentrasjon oppe med sitt varierte utval av mat og drikke.



BIBLIOTEKET

Ned trappa frå vestibylen og rett fram finn du biblioteket og bibliotekar **HEIDI HOLEN**.

Biblioteket er skulen sin studiestad til bruk både for elevar og lærarar, og stiller eit variert tilbod til disposisjon. I biblioteket kan du finne fagstoff til stilar, prosjektarbeid, fordjuping osv. Her kan du gjere lekser, drive gruppearbeid, bruke leksika og andre oppslagsverk. I tillegg kan du lese bøker, aviser og tidsskrift - og sjølvsagt låne bøker og filmar med heim.

Biblioteket har opne kvar dag frå 08:00 til 15:10. Du kan også ringe Heidi på tlf. 71 28 23 10 eller sende e-post til vgs.volda.bibliotek@mrfylke.no.



På volda.vgs.no/VoldaVGS/Biblioteket kan du utføre biblioteksøk. I tillegg til å søkje i biblioteket sine egne samlingar kan Heidi hjelpe deg med å søkje i ulike databasar og på internett.

På nettsida, og i biblioteket sitt rom på Fronter, finn du dessutan nyttige tips til korleis du lagar kjeldetilvising, sitat og litteraturliste, i tillegg til retningslinjer og malar for oppgåveskriving.

HEIDI SINE SUPERKREFTER:

Ho er ein meister i biblioteksøk!



REINHALDARANE



Har du nokon gong lurt på kven som er heltane bak dei reine og skinande golva på skulen? Det er dei fem reinhaldarane våre:

Øvste rekke f.v.: **GRETE KARIN URKE** og **BENTE SØVIK**, i midten: **LEONORA TALGAHAN KILE**, nedste rekke f.v.: **CAROLINA MOLVIK** og **MONIKA SIREN DALEBØ**.

Reinhaldarane kjem på jobb grytidlig om morgonen før alle andre, og startar det viktige og naudsynte arbeidet med å halde skulen rein og hygienisk. Utan desse kjekke damene hadde skulen aldri vore like attraktiv som den er! Det er viktig å hugse at jobben deira er å gjere reint, ikkje å rydde opp etter andre!



Vi minner også om at Volda vgs er "miljøfyrtårn", som betyr at vi er opptatt av å være miljøvennlige. Difor er det viktig å sortere søppelet!

SUPERKREFTENE TIL REINHALDARANE:

Reinhaldarane gjer ein såpass god jobb at elevar og lærarar på skulen mest ikkje merkar det eingong - ein skulle nesten trudd dei er usynlege! Men sjølv om dei listar omkring i gangane så set dei likevel pris på om du seier hei.



VAKTMEISTRANE



Om du høyrer noko hamring, saging eller lyden av ein plenklippar eller snøfresar, så er det nok vaktmeistrane **RONNY AAM** (øvst) og **RUNE FLØTRE** (nedst) som er i sving.





Vaktmeistrane kan du som regel finne på oppdrag rundt omkring over heile skuleområdet, eller i vaktmeisterfløya som ligg rett ved den vestlege inngongen til øvre bygg. Dei er ansvarlege for å ta seg av all slags vedlikehald på skulen. Er det behov for å få låst opp eit skap eller å fikse noko anna, så er desse robuste karane alltid meir enn glade for å hjelpe deg!

VAKTMEISTRANE SINE SUPERKREFTER:
Dei har verktøy til alle føremål, så det er mest ikkje ein ting dei ikkje får til.

TILSETTE A-G

Ikkje til stades:









Rune Fløtre
Kirsten Ragnhild Grimstad



Ikkje til stades:

Liv Dagrun Haugen

TILSETTE G-L



TILSETTE L-S

Ikkje til stades:

Rudina Robertsen



Tove
Nilsen Løset



Magne
Maurset



Gunhild
T. Moltubak



Carolina
Molvik



Kristin
Mork



Lill-Johanne
N. Mundal



May C.
Myklebust



Olav
S. Myklebust



Kåre
Myrene



Liss Hege
Mørch




Anders
Nilsen



Elin
Opsal




Ragnar Didrik
Osdal



Dace
Dizbite Ose



Lisbet
Ose



Bente
Osnes



Siv Heidi
Osvoll



Ragnhild
Oterholm



Anja
H. Rotevatn




Even
Rotevatn




Gunnhild
Rønstad



Ingrid
Salt



Hilde
Steinnes



Merete
G. Steinnes

Ikkje til stades:

Grete Marta Sørheim
Renata Vynikalova


TILSETTE S-Å



Hanne
Stokke




Magnar
Sunde



Kristin
Bakke Sæterås



Tjalve
Sørheim



Bente Natalie
Søvik



Torill Elise
K. Tafjord



Maria
Todorova



Per
Torheim



Lisbeth
Hoggen Totland



Egil
Trandal



Olav
Trandal



Håkon
Orten Trovåg




Margrete
Trovåg



Grete Karin
Urke



Ayne
Vagizova



Stein Henrik
Vardal



Mette-Karin
Vik



Frøydis
Skår Ville




Jorid
Vårdal




Linn Janett
Driveklepp Øye



Ann Helen
Aakre




Liv
Am



Ronny
Aam



Egil
Åslid




Åge André Breivik: Fagkoordinator MK

MEDIUM OG KOMMUNIKASJON



Kontaktlærar: Åge André Breivik



Brian Dale



Maria Standal Digernes




Alvin Hammer



Carina Sørheim Holen




Kristoffer L. Lilleøy




Camilla Opshaug Lund



Jens Myklebust




Nathanael Nordahn



Pia Rogne Notøy



Lars Andre Kalvatsvik Olsen



Elisabeth Steinnes



Truls H. Sætre




Oda Warholm



Daniel P. Aanonsen

IKKJE TIL STADES:
Tomas Sævik





Kjetil Eiksund: Fagkoordinator MU

MUSIKK, DANS
OG DRAMA



Lisbet Ose: Fagkoordinator språk


Ragnar Didrik Osdal: Fagkoordinator samfunnsfag

Håvard Festø: Fagkoordinator norsk

Even Rotevatn: Fagkoordinator kroppsøving

Linn Janett Driveklepp Øye: Fagkoordinator realfag

STUDIE-
SPECIALISERING



Steinar Holstad: Fagkoordinator SA

SERVICE OG
SAMFERDSEL

VISDOMSORD FRÅ AVGONGSELEVAR

"Ska'kje vere gøy"

- Even Sævik



"Karakterane dine i norsk
enda'kkje opp på gravsteinen"

- Bernhard Øye Pedersen



"Jobb med skule, men ikkje
jobb dej forderva"

- Kjartan van Dijk Festøy

"Snart ferdig, berre beste
delen igjen! #eksamen"

- Lisa Bendal





"Gidde ej å vere russ?"
- Daniel Skaget Lysbakk



"Grunnen til at ej ikkje sei nåke i timane e
fordi ej er redd for å vekke dei andre"
- Charlotte Rimstad

"Ikkje vent til deadline"
- Emil Olai Tødenes

"Alt går"
- Håkon Nygård



"Jobb på skule, so fe du
slappe av heime"
- Sander Bjørkedal



KLASSISKE

LÆRARSITAT

"Lær og lik Rotevatnet"

- Even Rotevatn

"Kom igjen no da!"

- Lluís Aguilar

"Ka tid timen e ferdig?"

- Bente Osnes

"He'kje dåkke haurt om det?!"

- Tjalve Sørheim

"Bonjour les élèves!"

- Ragnhild Oterholm

"Takk for sist!"

- Kjell Dale





"Ej he'kje sove i natt ..."

- Håvard Krøvel-Velle



"SPARTANARANE!"

- Ragnar Didrik Osdal



"Hello, this is your captain speaking"

- Steinar Holstad

"He du nåke godt?"

- Eva Brune

"Kjære kyrkjelyd!"


- Håvard Festø

"Legg vekk tafsebrettan!"


- Ståle Hansen



FAVORITTSUPERHELT



#1 Wonder Woman




#2 Link



#3 Beast Boy

COLORING BOOK



AKTUELLE HENDINGAR

OKTOBER

31. Halloween



NOVEMBER

03. KINO: Thor: Ragnarok
10. KINO: Den 12. mann
17. KINO: Justice League
20.-22. Hospiteringsdagar



DESEMBER

13. KINO: Star Wars: The Last Jedi
22.-02. Juleferie



JANUAR

12. KINO: Maze Runner: The Death Cure
17. Kultursekk: Kongen av Spitsbergen



FEBRUAR

09. KINO: Fifty Shades Freed
13. Premiere MUSIKALEN 2018
14. Valentine's Day
16. KINO: Black Panther
17.-25. Vinterferie



MARS

16. KINO: Tomb Raider
22. Kultursekk: Awesomnia
23. KINO: Isle of Dogs
30. KINO: Get Ready Player One
24.-02. Påskeferie



APRIL

13. KINO: X-Men: The New Mutants
23. og 24. Kultursekk: To syke søstre



MAI

01. Offentleg fridag
04. KINO: Avengers: Infinity War
10. Kristi Himmelfartsdag
11. Elevfri dag
17. Grunnlovsdag
18. Elevfri dag
21. Andre pinsedag



JUNI

01. KINO: Deadpool 2
08. KINO: Ocean's Eight og Bumblebee
15. KINO: The Incredibles 2
22. Siste skuledag
29. KINO: Ant-Man and the Wasp



HUGSELAPP

AVFALLSINSTRUKS

Reint papir skal leggjast i bøtter, dunkar og posar merka papir på klasserom, kontor, kantine og fellesareal.

Papp og kartong skal leverast som over, eller til vaktmeister.

Rein plast skal leverast i utplasserte dunkar og posar i fellesareal, kontor eller kantine (urein plast er restavfall).

Plastflasker (som kan pantast) vert levert kantina eller samla opp av reinhaldarane.

Glas og metall skal leverast i dunkar plassert i kantina eller ved vaktmeisterverkstad.

Elektronisk avfall er spesialavfall som leverast vaktmeisterverkstad eller IT-Olav.

Batteri leverast ekspedisjonen/skulekontoret for oppsamling.

Restavfall skal leggjast i bøtter, dunkar og posar merka restavfall i klasserom, kontor, kantine og fellesareal.

Tilsette og elevar ved skulen skal følgje instruksen slik at skulen sine lokale til ei kvar tid framstår som ryddige og fri for bos og avfall. Instruksen skal hjelpe til med god orden, reinsemd og hygiene ved skulen, og gi best mogeleg trivsel og helse for alle brukarane av den.

KONTAKTINFO FOR ALLE TILSETTE:

<http://volda.vgs.no/VoldaVGS/Om-skulen/Tilsette2>

FORMEL FOR E-POSTADRESSE TIL TILSETTE:

fornamn.mellomnamn.etternamn@mrfylke.no

Døme: Ola Nordmann = ola.nordmann@mrfylke.no

DELINGSADRESSE GOOGLE APPS:

feidebrukar@gapps.mrvgs.no

(FEIDE = tre første i fornamn + tre første i etternamn)
(NB! æøå = aoa)

Døme: Ståle Hansen = stahan@gapps.mrvgs.no



Volda vidaregåande skule
Vevendelvegen 35
6100 Volda

Tlf.: 71 28 23 00
volda.vgs@mrfylke.no
www.volda.vgs.no